

**Fra:** Ola Midttun (Ola.Midttun@fiskeridir.no)

**Sendt:** 08.01.2016 15:59:31

**Til:**

**Kopi:** Hordaland Fylkeskommune - Postmottak

**Emne:** Fedje kommune Hordaland - Arealdel kommuneplan for Fedje - kommunenr. 1265 - Revisjon 2015 - Uttale

**Vedlegg:**

Fedje Kommune

Sakshandsamar: Ola Midttun

Telefon: 46888567

Seksjon: Region Vest forvaltningsseksjon

5947 FEDJE

Vår referanse: 12/8625

Dykkar referanse: 15/374 - 15/2390

Vår dato: 08.01.2016

Dykkar dato: 16.11.2015

Att: Øyvind Tolleshaug

## **FEDJE KOMMUNE HORDALAND - AREALDEL KOMMUNEPLAN FOR FEDJE - KOMMUNENR. 1265 - REVISJON 2015 - UTTALE**

Vi viser til brev av 16.11.2015 frå Fedje kommune og høyring av arealdel av kommuneplanen revisjon 2015.

### **Om revidert plan**

Kommuneplan for Fedje vart vedteken i mars 2013 og omfattar samfunnsdel og arealdel, både land- og sjøareala. I kommunestyret sitt vedtaket vart det ikkje teke omsyn til merknader som grunneigarane kom med då planen låg ute til offentleg ettersyn. I kommunestyremøtet den 14. mars 2013, vart det derfor gjort vedtak om revisjon av arealdelen av kommuneplanen.

### **Fiskeridirektoratet si rolle og ansvar i arealplanlegginga**

Fiskeristyresmaktene er ansvarlig for forvaltninga av dei levande marine ressursane, fiskerinæringa og kontroll med akvakulturnæringa. Fiskeridirektoratet sine regionar skal ta vare på desse interessene i det regionale og lokale planarbeidet. Planansvarleg, i dette tilfelle kommunen, har plikt etter Plan- og bygningslova å legge til rette for medverknad, mens Fiskeridirektoratet sine regionkontor har plikt til å delta. Dersom vi finn at planen ikkje tek tilstrekkeleg vare på sektorinteressene Fiskeridirektoratet forvaltar, kan vi fremme motsegn til planen.

### **Fiskeridirektoratet si vurdering av revidert arealplan**

Vi finn ikkje at det er føreteke større endringar for arealbruk i sjøområda på det nye plankartet. Planføresegna er heller ikkje endra i høve til bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone.

Fiskeridirektoratet region vest syner også til brev av 02.12.2012 der vi har kome med uttale til høyring av framlegg til kommuneplan 2012 – 2024. Utover spørsmåla vi har teke opp i dette brevet, har vi ingen vidare merknader til revidert framlegg til arealplan.

Med helsing

Leni Marie Lisæter  
seksjonssjef

Ola Midttun  
seniorrådgiver

*Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan underskrift*

**Mottakarliste:**

Fedje Kommune

5947

FEDJE

**Kopi til:**

Fylkesmannen i Hordaland

Miljøvern- og  
klimaavdelinga

5020

BERGEN

Hordaland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN

Kystverket Vest

Plan- og  
Kystforvaltningsavdelingen

6025

ÅLESUND

Fiskarlaget Vest

Slottsgt. 3

5003

BERGEN